

**PROTOKOLL**  
**MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND**

**Møte:** 4-2016  
**Tid:** Fredag 27. mai kl. 11:00 - 15:00  
**Stad:** Nordhordland Utviklingssselskap IKS

**Til stades:**

<b>Ordfører:</b>	Karstein Totland, Jon Askeland, Hallvard Oppedal, Jarle Skeidsvoll, Øyvind Oddekalv, Stian Herøy, Tom Kristian Thorsen, Per Lerøy, Nina Bognøy (fungerande ordfører)
<b>Rådmenn:</b>	Jarle Landås, Jostein Førre, Øivind Olsnes, Ørjan Raknes Forthun (sak 29-31/16)
<b>NUI:</b>	Rune Heradstveit
<b>Andre:</b>	
<b>Forfall:</b>	Astrid Aarhus Byrknes, Ingvild Hjelmtveit, Reidun Halland, Vidar Bråthen, Jan Olav Osen, Svein Helge Hofslundsengen

<b>Sak 29/16</b>	<b>Godkjenning, møteinnkalling og sakliste</b> Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 30/16</b>	<b>Godkjenning, protokoll møte 3-2016</b> Møteprotokoll frå møte 3-2016 vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 31/16</b>	<b>Status helsehusprosjektet</b> (vedlegg) Dagleg leiar Rune Heradstveit ved hjelp av styreleiar Håkon Matre og leiar av styringsgruppa Ørjan Raknes Forthun gav ein detaljert status for arbeidet med helsehusprosjektet. Prosjektet er om lag eit halvår forsinka i forhold til den planen ein fyrst hadde. Dette skuldast fyrst og fremst at brukarane (leigetakarane) har hatt behov for å bruka meir tid på grundige brukarprosessar, og at ein valt ut i frå tilbakemeldingar frå leigetakarar, styringsgruppa og styret å gjera større grunnleggande endringar på skissa.  Dei største endringane finn ein i underetasjen for å gjera plass til fleire parkeringsplassar ved å flytta garderobar og tekniske rom oppover og å la underetasjen gå inn under allmenningen (fylgja bebyggelsegrensene). Dette har ført til endringar av bæring som t.d. søyler og bjelkar. Ein har og jobba mykje med å få til eit meir effektivt areal og med optimalisering av logistikk og plassering av funksjonar. Så er det eit omfattande arbeid å tilpassa bygget til krava som ligg i områdeplanen og det som direkte påverkar tomta og bygget som Kvassnesvegen, allmenningen, nabotomter m.v.  Dagleg leiar gjekk så gjennom dei ulike etasjane slik dei føreligg i dag, og slik dei ulike leigetakarane er plassert. Bygget er i dag fullt opp med planlagde leigetakarar.
<b>Sak 32/16</b>	<b>Godkjenning av mandat til Utval for kultur, omdømme og kompetanse</b> Utkast til mandat vart handsama.

	<p><b>Vedtak:</b> Regionrådet godkjente forslaget til mandat for Utval for kultur, omdømme og kompetanse slik det føreligg til møtet.</p>
<b>Sak 33/16</b>	<p><b>Godkjenning av mandat til Utval for nærings- og samfunnsutvikling</b> Utkast til mandat vart handsama.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet godkjente forslaget til mandat for Utval for nærings- og samfunnsutvikling slik det føreligg til møtet.</p>
<b>Sak 34/16</b>	<p><b>Felles saksgrunnlag til kommunane «Forslag til vidare organisering av reiselivet for kommunane i Region Nordhordland»</b> Dagleg leiar presenterte kort «Utkast til saksgrunnlag for framtidig organisering av reiselivet i Region Nordhordland». I tillegg viste han til presentasjonen som reiselivsdirektør Ole Warberg gjorde i sist Regionråd.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet slutta seg til administrasjonen sitt forslag til saksgrunnlag for vidare organisering av reiselivet for kommunane i Region Nordhordland, og ber administrasjonen senda det ut til kommunane.</p>
<b>Sak 35/16</b>	<p><b>Vegen vidare etter BRB. Status etter diverse eigarmøte. Drøfting vegen vidare</b> Bergen kommune informerte dei andre eigarar i eit møte 27. april om at dei ville trekkja seg ut av BRB og slutta å kjøpa tenester frå selskapet frå nyttår. Dette vart grunna med avtalen som ligg i byrådsplattforma om at dei vil ha tettare styring med sin eige næringsarbeid. Byrådet har seinare stadfesta dette. Styret i BRB har derfor overfor eigarane sagt at det ikkje er grunnlag for vidare drift av selskapet då Bergen kommune var den eigaren som klart bidrog med mest midlar. Selskapet vert derfor nedlagt frå nyttår og vil ha fokus på avvikling utover hausten.</p> <p>Styret i BRB legg til grunn at ca. kr 4. mill. vil liggja igjen etter selskapet og at vedtektene seier at desse skal brukast til same formål som selskapet har hatt.</p> <p>Hordaland fylkeskommune fekk på oppdrag frå eigarane ansvaret for ta initiativet til eit eigarmøte der ein skulle drøfta korleis ein skulle driva vidare dei viktigaste oppgåvene BRB gjer i dag; Etablerersenteret og Invester i Region Bergen (innflagging av verksemder til regionen).</p> <p>Alle eigarar inkludert våre kommunar var invitert til dette møtet som var 26. mai. Det var i dette møtet enighet blant fylkeskommunen og kommunane inkludert Bergen om at der var viktig finna ei rask løysing på korleis ein kan føra vidare Etablerersenteret og Invester i Region Bergen. Vidare at ein burde vurdere heile fylket og ikkje berre det gamle området til BRB. Det vart derfor sett ned ei hurtigarbeidande arbeidsgruppe som har dette mandatet:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Arbeidsgruppa skisserer framtidig organisering og fordeling av oppgåver som i dag ligg hjå BRB.</li> <li>2. Val av oppgåver og organisering må vere realiserbar både med tanke på økonomi og tidsbruk.</li> <li>3. Forslag til finansieringsløysing av oppgåvene, gjennom eit spleiselag som gjev alle kommunane lågare kostnader.</li> <li>4. Gruppa skal vurdere det geografiske nedslagsfeltet for ein ny struktur.</li> <li>5. Arbeidet skal vera ferdigstilt innan fredag 10. juni.</li> </ol> <p>Rune Heradstveit er regionen sin deltakar i arbeidsgruppa.</p>

<p><b>Sak 36/16</b></p>	<p><b>Skulebruksplanen og Austrheim vidaregåande skule</b></p> <p>Øyvind Oddekalv orienterte om skulebruksplanen 2017-2030 slik det føreligg frå administrasjonen i Hordaland fylkeskommune. Viktige moment / avklaringar som må vera med i høyringsuttalen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Korleis redde AVS, men samtidig halda KVS sterk</li> <li>▪ Liner og elevar forsvinn frå Knarvik for å byggja opp i Åsane. Me må stå på at regionen skal vera sjølvdekkande når det gjeld behov og skuleplassar. Kapasiteten i regionen er 1300 – planen planlegg med 900 plassar</li> <li>▪ Me bør stilla spørsmål til den massive oppbygginga i Åsane</li> <li>▪ TAF er lite nemnt, me må argumentera for halda oppe dette tilbodet</li> <li>▪ Hordalandsavtalen. Ingen kan bu i Gulen og pendla til ein vidaregåande skule utanom Austrheim. Veldig viktig for Gulen.</li> <li>▪ Næringslivet må koma på bana (Der skal samarbeidsutvalet vårt ha møte med NHIL kommande tysdag</li> <li>▪ Mange ressurssvake elevar vil ikkje kunne bu på hybel.</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Regionrådet ber Utval for kultur, omdømme og kompetanse jobba vidare med faktagrunnlag og utkast til eit høyringsskriv. Dette vert lagt fram for Regionrådet i møtet 10. juni.</p>
<p><b>Sak 37/16</b></p>	<p><b>Meldingar og eventuelt</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Status for Nordhordlandstunnelen vart drøfta. Det vil bli tatt initiativ til møte med byrådet om denne saka.</li> <li>▪ Neste møte i Regionrådet er fredag 10. juni.</li> </ul>

Knarvik, 27. mai 2016

*Karstein Totland*

Karstein Totland  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland

*Rune Heradstveit*

Rune Heradstveit  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

Sak 31/10      Status helsehusprosjektet  
Sak 36/17      Presentasjon vidaregåande skular